

## Aktivitet - 2001

<b>Arrangement</b>	<b>Dato</b>	<b>Mnd</b>	<b>Ansvarleg</b>
Jonsokafta - dans	23. juni		John S. Tøve N. og Sølvi
Måløydagane	28.29.30. og 1. juni/juli.		
Korpstur Bergen	28.29. og 30. sept.		Anne-Mari og Erling

### Bli abonnent på avisa Vredens Gnag

Betal inn for passivt medlemskap, og du støttar korpset og får Vredens Gnag i eit år. Det seier Ivar

Torskangerpoll og John Inge Våge som jobbar med dette bladet. Har du spørsmål; kontakt

John Svarstad 57850231



Våre støtte-spelarar:



### Tipp og vinn

Kven skal spele til dans på Vågsberget jonsokafta?

Send svaret til:

**Vredens Gnag**

Vågsvåg  
6700 MÅLØY

### Rett svar sist

Kva var månedens marsj i mai?

Rett svar:

**Colonel Bogey**

Ingen klarte oppgåva denne gong

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 6

8. årgang

Laussal: Gratis

juni 2001

## Jonsok-dans Vågsberget

Lørdag 23. juni (jonsokafta) kl.21.00  
med:

# Wåges

Blir det dårleg vær blir dansen flytta inn på låven.  
Det blir sal av grillmat og stor stemning

## Jonsokfeiring med bål

Jonsokafta klokka 18.00 blir det kostymeopptog frå kaia i Vågsvåg til Vågsberget. På Vågsberget blir det bål, høve til grilling og sal av rømmegraut og spekemat.  
Torskangerpoll Musikklag spelar og underheld.

Tips Vredens Gnag TLF: 57 85 44 64 Fax 57 85 0872

E-mail: «ew@enitel.no»

Heimeside: <http://home.enitel.no/t.poll/>

## Månedens marsj?

Vår marsjmedarbeider Ivar Torskangerpoll har tatt for seg noen av marsjene, og analysert dem? Denne måneden er turen kommet til:



### The Standard of St. Georges

Komponert av Kenneth J, Alford i 1930

Denne marsjen var faktisk hoveddel i

konserntprogrammet til The Band of the Royal Marines

Depot før den var utgitt, og er unikt

skrevet da den ikke starter med en

introduksjon slik de fleste andre marsjer.

Den sterke første delen begynner med en

fanfarefigur, under er et veldig

bassfundament som støtter gjennom hele



32 takter. Der er også et innslag av «Home sweet Home» i euphoniumdelen like før trio.

### Værbetragtninger

Vår amatørmeteorolog i Vredens Gnag har vært mye opptatt i det siste, det er værutsiktene fremover han er så levende opptatt av. Han påstår at det skal bli vær i tiden fremover også: Allerede Barsok (24/8) kommer de første profetiene hans. Dagen blir regnet for den første høstdagen, og varsler været for høsten. Er dagen klar, kan en vente en klar høst, men slik været er Barsok skal det være til Korsmess (3. mai).

Vi sier ikke mer, og beklager det inntrufne.

**Lørdag 26. mai** spilte vi i Måløy sentrum i samband med sangerstemne for Nordfjord. Måløy songlag var arrangør. Torskangerpoll skal og ha konsert søndag under Måløydagane.



## Tirsdag 15. mai



blei Arne Torskangerpoll 70 år. Arne var bortreist på dagen. Korpset nytta høvet då han kom tilbake, og overraska jubilarnten med speling på kaia, og etterpå var det kakefest. Arne og kona Aasta sette stor pris påinitiativet.

## 17.mai

Vart feira på tradisjonsrikt vis både i Vågsvåg og Holvik i nydeleg sol. det vart eit fint stort korps når Torskangerpoll og Holvik spelte saman i begge bygdene. Her



ser vi stramme, stilfulle, presise, smilande og positive musikantar i aksjon for å sette stil og farge på nasjonaldagen.

